



Skarsvåg Rør og Interiør AS  
Melandsvegen 15  
5919 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: Ref.:6SV163- Skjemanr.:3935  
Vår: 20/16787 - 21/79809

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

25.11.2021

## Mellombels svar på ferdigmelding - gbnr 322/166 Mjåtveit - Hus 2



Tiltak: Tilknytning offentlig vatn og avløp  
Byggestad: Mjåtveitmarka 66 A-F  
Tiltakshavar: Mjåtveitmarka B16  
Ansvarleg søkjar: Skarvågen Rør og interiør AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Innlevert sosifil har manglar. Sosifilen viser ikkje leiingsnett « som bygd». Det er sendt inn bilete av kum som viser stikkledning til kvart bygg i området. Denne kummen er ikkje med på innsendt sosifil..



Det er i tillegg sendt inn situasjonsplan (prosjektkart) som er utarbeida av Tysseland Arkitektur AS. Denne situasjonsplanen samsvarer heller ikkje med det som er bygd. Med ferdigmelding skal det

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559



Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

sendast inn sosifil som viser korleis leidningsnettet er bygd frå veggliv, bygg, til tilknytningspunktet på kommunalt leidningsnett.



Vi ber om at det vert sendt inn nytt sosifil/situasjonskart som bygd. Innsendte sosifiler er lagt inn i kommunen sitt kartsystem (sjå utsnitt over). Her ser ein at det er manglar i innsendte målingar. Innsendt sosifil skal vise utvendig stengeventil, tilkoplingssted, kummer m.meir.

Vi gjer merksam på at godkjent føretak skal sørge for at det ligg føre situasjonsplan og sosifil med innmålingsdata som viser vatn og avløpsanlegg slik dei er bygd (jf. «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser» pkt 2.1 og tekniske bestemmelser pkt 2.5.1)). Denne dokumentasjonen skal leggest ved ferdigmeldinga.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.12.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Skarsvåg Rør og Interiør AS

Melandsvegen 5919  
15

FREKHAUG